



Kommunale medverknadsorgan for ungdom i Møre og Romsdal

Kartlegging av rammevilkår 2021



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Forord

Formålet med undersøkinga var å få ei betre oversikt over korleis det står til med ungdomsråda i kommunane i Møre og Romsdal. Kva rammeføresetningar har dei for å kunne gjere den jobben dei skal, korleis blir dei involverte i kommunale saker og korleis opplever dei forholdet til fylkeskommunen?

Frå hausten 2019 har det vore eit lovkrav (kommunelova § 5-12) at kvar kommune og kvar fylkeskommune skal opprette eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom.

Velfungerande ungdomsråd er ein viktig føresetnad for at fylkeskommune skal nå mål 4 under Samarbeidsfylket i Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2020-2024:

«Møre og Romsdal skal:

ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn»

Medverknad er også valt av Ungdommens Fylkesting som ei av hovudsatsingane i handlingsprogrammet for ungdomspanelet 2020/2021.

Resultat frå kartlegginga er lagt fram for Ungdomspanelet og i regionale møte med dei som har ansvaret for ungdomsråda i kommunane. Kartlegginga vil bli brukt vidare i fylkeskommunen og ungdomspanelet sitt arbeid med ungdomsråda i kommunane.

Molde, november 2021

Oppsummering

Samansetting Medlemmane i kommunen sitt medverknadsorgan for ungdom er ganske jamt fordelt mellom jenter og gutar (55 prosent jenter). Aldersspennet på medlemmane i ungdomsråda går frå 13 til 19 år. Dette er ei endring frå 2017, då nokre medlemmar kunne vere heilt opp til 23 år. Dei fleste representerer elevråd eller ein skole(klasse), få er valt på bakgrunn av organisasjonstilhøyre.

Valordning: Det er ulik praksis på korleis medverknadsorganet for ungdom blir valt. I 40 prosent av kommunane blir representantar til ungdomsrådet valt gjennom elevrådet, i andre kommunar blir det gjennomført egne val, anten via nominering eller etter eigen søknad frå dei unge. I nokre kommunar blir det gjennomført intervjurunde med det sittande ungdomsrådet.

Organisering Alle kommunane stiller med sekretær/koordinator som er tilgjengeleg for råda. Storleiken på stillingsprosenten varierer frå to til 100 prosent, hovuddelen (61 prosent) av kommunane har avsett under 10 prosent stilling. Stinnga er plassert ulike stader i administrasjonen. Koordinatorstillinga er viktig for arbeidet til råda, og har som regel ansvaret for å hente inn saker frå administrasjonen, sende ut innkalling og å organisere det praktisk rundt møte og liknande.

85 prosent av ungdomsråda har egne vedtekter/reglement for ungdomsrådet, medan 15 prosent svarar nei. Det er lovpålagt å ha vedtekter for råda. Ungdomsråda som ikkje har dette, har blitt oppfordra til å få dette på plass.

Det generelle inntrykket er at mange kommunar manglar gode tverrfaglege rutinar for å involvere ungdomsrådet. Det er likevel ein tendens til at administrasjonen i kommunane er noko flinkare med å legge fram saker for ungdomsrådet samanlikna med 2017.

Økonomi: Litt over 50 prosent av ungdomsråda har ei eiga budsjetttramme. Dette er ein nedgang frå 2017, då var delen nær 70 prosent.

Opplæring: 15 prosent av kommunane svarar at dei ikkje har noko form for opplæring eller skoloring av ungdomsrådet. Og av dei som får opplæring ser ein at det er noko ulik praksis, der 75 prosent svarar at dei får innføring/opplæring av ein eller fleire tilsette i kommunen. På Søre Sunnmøre har dei felles opplæringsdag (ungdomskonferanse) for alle ungdomsråda i dei kommunane. Situasjonen når det gjeld opplæring er uendra frå 2017.

Innverknad: Omtrent ein tredel av ungdomsråda meiner dei har ganske stor eller svært stor innverknad på dei sakene som dei handsamar. Nær 50 prosent meiner den verken er liten eller stor. Det er dermed eit potensiale for å auke ungdomsråda sin innverknad på den kommunale saksbehandlinga.

Metode

Undersøkinga er gjort ved bruk av programvara QuestBack, der svara er gitt ved utfylling av eit elektronisk skjema. Undersøkinga vart gjennomført i mai-juni 2021.


Spørjeskjema vart sendt til alle koordinatorane/sekretærane for ungdomsråd i kommunane. 20 av 26 kommunar i Møre og Romsdal har svart. Giske kommune hadde ikkje ungdomsråd eller koordinator på tidspunktet for undersøkinga. I undersøkinga frå 2017, før kommunesamanslåinga, var det 34 av 36 kommunar som svarte. Kor mange kommunar som har svart på det enkelte spørsmål varierer noko. I dei fleste kommunane er det sekretæren/koordinatoren for ungdomsrådet som har fylt ut undersøkinga, og eit fleirtal har gjort dette saman med leiar i ungdomsrådet eller heile ungdomsrådet. Det var ønskeleg at dei fylte ut skjema i lag, då enkelte spørsmål kan oppfattast forskjellig av den vaksne tilsette og av ungdomane sjølve.

Tilsvarande kartlegging av ungdomsmedverknadsorgana vart gjennomført i Møre og Romsdal i 2017. I 2018 vart det skreve ein rapport med bakgrunn i funna. Dette er ei oppfølging på den kartlegginga.

I denne rapporten har vi også teke inn nokre av tilbakemeldingane som kom frå sekretærar/koordinatorar for ungdomsråd på dei tre regionale møta som vart gjennomført hausten 2021.


Resultat

Kommunale medverknadsorgan for ungdom i Møre og Romsdal - Kartlegging av rammevilkår 2021



Det er ein liten overvekt av jenter i ungdomsråda, dei utgjer 55 prosent i 2021. Det er ein liten auke frå 2017, då jentene utgjorde 52 prosent.


Har rådsmedlemene fått nokon form for innføring/opplæring i rådet si verksemd?



Dei fleste råda har fått ei form for opplæring. Nokre av ungdomsråda har også fått opplæring frå fleire grupperingar. Resultatet her er uendra frå 2017, då svara 17 prosent at dei ikkje hadde fått noka opplæring.

Det var stilt eit oppfølgande spørsmål om det er noko dei saknar i opplæringstilbodet til ungdomsrådet. Fleire etterspør her hjelp til opplæring mellom anna i tema som; korleis ungdomsrådet kan påverke vedtak i kommunen, korleis gjennomføre møte, innføring i tale- og debatt-teknikk, korleis sette eigne saker på dagsorden, korleis skrive forslag til vedtak, og om den kommunale verksemda generelt. Nokon ønskjer å få vere med på politikaropplæringa som kommunestyrerepresentantane får.

Kor stor del av eit årsverk utgjer sekretær/koordinator sitt arbeid for rådet?




Ut i frå svara ser ein at 61 prosent av kommunane har under 10 prosent stillingsressurs sett av til arbeidet med ungdomsrådet. Dette vart løfta fram som ei problemstilling i møte med koordinatorane. Dei kjenner på at tida ikkje strekk til for å følge opp ungdomsrådet slik dei ønskjer å gjere.

Det er dessverre ikkje heilt samanliknbare tal frå 2017 på grunn av ulik kategorisering av svara. For fire år sidan svara 56 prosent at dei hadde 15 prosent stillingsressurs eller mindre avsett til ungdomsrådet. Det kan tyde på at avsett stillingsressurs er gått ned.


Det er svært ulikt kor i kommunen sin administrasjon sekreteriats-/koordinatorfunksjonen er plassert. Nær halvparten av kommunane har plassert den i eining for kultur, mens nokon har lagt den til kommunedirektøren sin stab og det politiske sekretariatet. Det er også eksempel på at funksjonen er lagt til servicetorg/publikumssenter og til ungdomsskole.

Har rådet eiga budsjettamme?




Berre halvparten av kommunane har sett av eigen budsjettamme til ungdomsrådet. Om ein samanliknar med svara frå 2017, finn vi at det er ein nedgang i del kommunar som har avsett eiga budsjettamme. Det er kanskje litt overraskande då det i denne perioden har blitt lovpålagt å ha ungdomsråd. Av dei som har avsett ei ramme varierer den mellom 15 000 og 140 000 kroner.

Kva av følgjande oppgåver ivaretek sekretariatet/koordinator? (fleire kryss mogleg)




Det å vere sekretær/koordinator for ungdomsrådet inneber mange oppgåver. Vi ser av kartlegginga at dei fleste tek hand om møtegjennomføring og saksførebuing. Oppgåver for ungdomsrådet utover dette er det ikkje så mange som får til.

Er det laga vedtekter/reglement for rådet?




Kommunestyret skal fastsette eit reglement for ungdomsrådet jamfør kommunelova § 11-12. Det ser vi ikkje er på plass i alle kommunane enno. Det er også ein reduksjon frå 2017, da svara 94 prosent ja på at dei hadde reglement.

Går det fram av kommunen sine interne reglar kva saker som skal leggst fram for rådet?




Svara på dette spørsmålet viser at det framleis er ein jobb å gjere i mange kommunar med å lage gode reglement for ungdomsrådet. Her er det ingen framgang frå 2017.

Kven bestemmer vanlegvis kva saker som skal leggst fram for rådet? (fleire kryss mogleg)



Vi ser at det er mange som er med å bestemme kva saker som blir lagt fram for ungdomsrådet. Samanlikna med 2017, så er det ei positiv utvikling i bidrag frå andre i kommunen sin administrasjon, mens kommunedirektør og ordførar synest å vere noko mindre aktive med saker no.

Om du tenker på alle saker rådet behandlar under eitt, kor stor innflytelse vil du sei rådet har?




Mange ungdomsråd synest å vere nokså tvilande til den innverknaden dei faktisk har på kommunen sine vedtak, 55 prosent svarar verken stor eller liten innverknad. Her er det ei interessant dreining frå 2017, då fleire svarta «svært stor», i år er det ingen som kryssar av for dette. Det ser dessverre ut som om opplevd innverknad er mindre i 2021 enn for fire år sidan.

Når i arbeidet blir rådet som regel involvert i dei kommunale prosessane (t.d. planar, utviklingsarbeid, større byggeprosjekt)?

Råda blir involvert på ulike stadium i dei kommunale prosessane, og det varierer og mellom ulike fagområde kor tidleg ungdomsrådet blir koplå på. Det varierer og etter kven som er saksbehandlar. Nokre rapporterer at ungdomsrådet som regel blir teke med tidleg i saken, medan andre skriv at dei ofte kjem for seint inn. Dei fleste seier at dei er med å gi høyringsuttalar til planar. Andre seier dei blir teke med allereie i utarbeiding av planforslaget, mellom anna på workshop'ar.


Det generelle inntrykket er at ein tverrfagleg systematikk for bruk av ungdomsrådet manglar i mange kommunar, og at det kan vere tilfeldig om ungdomsrådet blir teke med tidleg i prosessen. Ikkje alle kommunane har gode nok rutine for val av nytt ungdomsråd på hausten, og dette kan også påverka når ungdomsrådet kjem inn i saksprosessen. Dette er ikkje minst viktig for innverknad på budsjettprosessen.

Tar rådet ofte opp saker på egenhand, eller uttaler rådet seg først og fremst om saker som blir lagt fram av kommunen? (fleire kryss mogleg)



Det ser ut til at kommuneadministrasjonane no har vorte noko betre på å legge fram saker for ungdomspanelet enn i 2017. Delen som svarar at rådet uttaler seg om saker frå administrasjonen har auka med 14 prosentpoeng. Delen som rapporterer at dei stort sett tek opp egne saker er tilsvarande redusert.

Omtrent kor mange saker behandlar rådet per år?



Svara på dette spørsmålet heng nok saman med kor mange møte råda har i løpet av eit år. Dei som møtte på koordinator-møta hausten 2021, opplyste om at dei hadde møte alt i frå 4-5 til 11 gonger i året.


Om ein samanliknar tala frå undersøkinga i 2017 kan ein sjå at prosentdelen som svara «mindre enn 10» har gått ned frå 18 til 5 prosent. Delen som svara «10-20» har auka frå 41 til 60 prosent. Dette er ei positiv utvikling, det er færre ungdomsråd som har få saker til uttale.

Kor vanleg er det at rådet arbeider med følgjande saksområde?

	Svært uvanleg	Nokså uvanleg	Nokså vanleg	Svært vanleg
Helse/sosial/omsorg	5,30 %	42,10 %	42,10 %	10,50 %
Uteområdet	15,00 %	10,00 %	45,00 %	30,00 %
Transport	5,00 %	10,00 %	65,00 %	20,00 %
Bygningar	30,00 %	25,00 %	30,00 %	15,00 %
Kultur	0,00 %	15,00 %	45,00 %	40,00 %
Idrett	10,00 %	20,00 %	45,00 %	25,00 %
Stadutvikling/byutvikling	5,00 %	25,00 %	50,00 %	20,00 %
Fritidstilbod retta mot ungdom	0,00 %	10,00 %	20,00 %	70,00 %
Skole/utdanning	10,00 %	20,00 %	30,00 %	40,00 %

Fritidstilbod retta mot ungdom, skole/utdanning og kultur er dei saksområda som er mest vanleg at ungdomsråda ha på sakskartet. Her er det noko endringar frå kartlegginga i 2017. Spesielt kan ein merke seg at saksområdet «transport» synest å vere mindre vanleg i 2021 enn i 2017, då det var eit tyngdepunkt som svara «svært vanleg». Eit område som ser ut til å ha fått meir merksemd i ungdomsråda er saker innan «helse/sosial/omsorg».

Kor viktig meiner de følgjande faktorar er når det gjeld å få innverknad?




At administrasjonen kjem til ungdomsrådet og orienterer om saker blir oppfatta som det viktigaste for at ungdomsrådet skal ha innverknad. Dette er same svar som i 2017.

Færre har i år svart at det er svært viktig at «politikarar deltek på møte og drøftar/får signal på ei tidleg tidspunkt i prosessen».

I kartlegginga vart det spurt om det er andre forhold enn dei som er nemnt over som er viktige for ungdomsmedveknad. Nokre døme på svar her:


- At politikarane faktisk les uttalene og tek omsyn til desse
- At rådet spør andre, slik som elevråd og liknande
- Moglegheit til å bygge relasjon og bli kjent med kvarandre i ungdomsrådet
- Moglegheit for å reise rundt og få kunnskap om ulike saker
- Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret, og har elles plass i ulike utval som t.d. ad hoc utval for utvikling.
- Informasjon og kommunikasjon
- Gode vilkår for fysiske møter. Kollektivtransport så rådsmedlemmene kan komme seg til møtet
- Ordførar er med på møta, det gir direkte kanal som fungerer effektivt hos oss
- Det er viktig at ungdomsrådet kjem tidleg inn i prosessane og får uttale seg
- At kommunen har nok arenaer eller møteplassar der ungdommar får lov til å uttrykke seg, til å utvikle seg og til å utfolde seg. Med tilsette/vaksne som lyttar og bruker sin posisjon til å løfte fram ungdomens budskap
- At vaksne hjelper ungdomsrådet til å vere synlege i lokalsamfunnet. I avisa osv.
- Og så er det viktig at vaksne/tilsette FAKTISK lytter, ikkje berre når det er val eller for å "liksom" ta ungdommar på alvor

I kva grad samarbeider ungdomsrådet med barn- og unges talsperson (barnerepresentant) i kommunen?



I 2017 svarte 24 prosent "1 svært liten grad", dette har auka til 45 prosent i 2021. Dette stemmer godt med dei tilbakemeldingane som vart gitt på dei regionale koordinator-møta hausten 2021. Fleire visste ikkje kven det var eller om dei hadde det i kommunen.

Blir det arrangert regionskonferansar/samlingar for ungdomsråd i din region (sunnmøre/romsdal/nordmøre, ikkje UFT)?



I 2017 svarte 53 prosent at det blir arrangert konferansar for ungdomsråd i sin region. Denne gongen svarte 90 prosent «nei». Det skyldast nok koronasituasjonen. Med bakgrunn i dette spørsmålet vart moglegheitene for å arrangere slik type opplæringsmøter diskutert på dei regionale koordinatormøta. Alle var interessert i å ha slike i sitt område.


I regionane der det blir arrangert felles konferansar for ungdomsråd, blir det arrangert cirka ein gong per år. Både opplæring i det å vere folkevalt og organisasjonsopplæring, m.a. korleis ting fungerer og heng saman blir trekt fram som viktige samarbeidsområde.

Er det noko fylkeskommunen kan bidra med for at arbeidet med ungdomsråda skal bli betre?

Mange nyttar høvet i dette opne spørsmålet til å ønskje seg meir felles opplæring, kurs, treffpunkt og nettverk for ungdomsråda i fylket. Konkret blir det foreslått eigne samlingar for leiar og nestleiar i ungdomsråda. Også dei som er sekretær/koordinator for ungdomsråda melder om behov for opplæring i deira rolle. Dei ønskjer seg tilrettelegging av regionale møte og nettverk, og også innspel til saker som ungdomspanelet kan ta tak i.

I møta som Ung-koordinator hadde med koordinatorene i kommunane, vart desse tilbakemeldingane stadfesta.

Korleis vurderer du kontakten med ungdomane i ungdomspanelet?



Dei 15 medlemmane i ungdomspanelet, inkludert både faste og vara, deler kommunane i fylket mellom seg, og har eit oppfølgingsansvar ovanfor dei. Svara tydar på at dette blir gjort i varierende grad. Om vi samanliknar med resultatane frå 2017, finn vi både at fleire no er nøgde med kontakta (fleire svarar 5 og 6), og at fleire no svarar at dei ikkje har kontakt med ungdomspanelet. Det kan tenkjast at koronasituasjonen har noko med det siste å gjere.

På møtet med koordinatorane vart det foreslått at UP kunne ha noko opplæring som fast aktivitet når dei var på besøk. Gjerne at det var laga fleire ulike opplæringsopplegg dei kunne ha med seg. Det vart òg løfta fram at det er eit felles ansvar for at desse besøka blir noko av. Koordinatorane kan ta ansvar for å invitere UP om dei ha fått oversikt over kven som er deira kontakt. I tillegg bør dette følgjast opp av medlemmane i UP sjølve.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no